

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 23.08.2018  
Vår ref.: 2018/13172-23  
Saksbehandlar: karvik\_  
Dykkar ref.:

Att. Bente Kopperdal Hervik/ Anne Dahle Austrheim

## Tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2018 / 2019

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtok 21.08.2018 at total tildeling på kr 18 911 086 vert fordelt slik:

Del skulekonsertar våren 2018: kr 3 824 720

Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 4 186 366

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 10 900 000

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:

Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 4 355 533

Hordaland fylkeskommune (grunnskulen): kr 6 544 467

Private skular er rekna med i fordelinga av midlane. Kommunar som har private skular må ta ansvar for å inkludere desse i arbeidet med Den kulturelle skolesekken.

### 1. Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken skal sikre eit profesjonelt kunsttilbod i skulen på ein måte som understøtter det pedagogiske arbeidet og bidreg til realisering av skulen sine læreplanmål.

Måla med programmet er:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod;
- å leggje til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleving av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrkje born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken som er vedtatt i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* og St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida* gjeld.

## 2. Andre mål og føringar (jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken)

Elevane på alle trinn skal medverke og delta i tilboda i Den kulturelle skolesekken. Elevmedverknad kan skje i planleggings-, programmerings- eller produksjonsfasen i tilbodet, i møtet med produksjonen og utøvarane, eller i ulike former for etterarbeid og evaluering av tilbodet.

Personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltakarar. For å nå denne målsettinga bør omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skolesekken.

Det er også eit mål at tilboda i Den kulturelle skolesekken skal vere med på å gjere elevane betre kjent med begge målforma på norsk, samt styrke elevane sin forståinga av dei nordiske nabospråka.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vere ein integrert del av Den kulturelle skolesekken. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.

Kunstnarar som utfører arbeid i Den kulturelle skolesekken skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesse skal sikrast i samsvar med åndsverklova. I tildelingsbrevet til Hordaland fylkeskommune, legg Kulturtanken til grunn at rammeavtalen som nyleg vart forhandla fram mellom KS og Mfo (Musikernes fellesorganisasjon) vert følgt opp med verknad frå 1. august 2018.

## 3. Samarbeid og forankring (jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken)

Arbeidet med Den kulturelle skolesekken skal vera forankra i politiske og administrative prosessar og planverk i kommunen. Vidare må arbeidet bygge på samarbeid og nettverk mellom kultur- og skolesektoren, og med kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt. Det er ønskeleg at representantar frå aktuelle høgskular og kulturinstitusjonar er involverte i arbeidet. Kommunen bør sikre at elevene vert involverte i planlegginga.

## 4. Vilkår for tildelinga

Den kulturelle skolesekken skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansierte med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.

Kommunen skal til ein kvar tid ha ein kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle Den kulturelle skolesekken i kommunen og regionen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av Den kulturelle skolesekken i fylket.

Det er ein føresetnad for tildelinga at kommunen rapporterer om tiltaka i kommunal regi. Tildelte midlar skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga.

## 5. Rapportering

Kommunen skal rapportere i nettbasert rapporteringsskjema om følgjande:

- Økonomi og ressursbruk
- Gjennomførte aktivitetar innan alle uttrykk.

### Frist:

- **Rapport på tiltak for kalenderåret 2018 skal gjerast elektronisk innan 1. februar 2019.**

Vi gjer merksam på at dersom kommunen har overført spelemidlar direkte til grunnskulane, må kommunen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

Eit nytt og forenkla skjema blir lagt ut på [www.dksrapportering.no](http://www.dksrapportering.no) og de vil få melding når skjemaet er opna.

Alle rapportane vert vurderast i samsvar til mål, føringar og prinsippa for Den kulturelle skolesekken, og fylkeskommunen er ansvarleg for å følgje opp rapportane frå kommunane.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra for tildelinga. Kommunen pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

### Plan og rekneskap

Kommunane skal ikkje lenger sende inn plan og eige rekneskap for verksemda.

## 6. Spesifisering av tildeling av spelemidlar til kommunane

Hordland fylkeskommune løyver totalt kr 4 355 533 i denne tildelinga:

Askøy	kr 367 281	Meland	kr 127 382
Austevoll	kr 119 604	Modalen	kr 28 943
Austrheim	kr 53 425	Odda	kr 109 001
Bømlo	kr 210 860	Os	kr 238 737
Eidfjord	kr 31 373	Osterøy	kr 181 459
Etne	kr 81 802	Radøy	kr 98 804
Fedje	kr 29 944	Samnanger	kr 61 942
Fitjar	kr 69 185	Stord	kr 247 420
Fjell	kr 377 420	Sund	kr 136 033
Fusa	kr 124 740	Sveio	kr 114 992
Granvin	kr 32 231	Tysnes	kr 83 984
Jondal	kr 32 803	Ullensvang	kr 98 838
Kvam	kr 175 225	Ulvik	kr 33 375
Kvinnherad	kr 307 970	Vaksdal	kr 91 894
Lindås	kr 265 139	Voss	kr 256 037
Masfjorden	kr 58 607	Øygarden	kr 109 084

**Radøy kommune** har fått tildelt **kr 98 804**.

Renteinntekter av tildelte spelemidlar skal gå til føremålet. Det same gjeld eventuell meirverdiavgiftsrefusjon som genererast av aktivitet i Den kulturelle skolesekken.

Kulturtanken jobbar med å lage ein ny fordelingsnøkkel. Denne får fylkeskommunane ei skildring av før jul.

## 7. Utbetaling

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF-format til Hordaland fylkeskommune.

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

### Merking av faktura

- Deres referanse er eit obligatorisk felt i EHF-standard. Vi nyttar eit femsifra tilsettnummer (i dette høve 14333) for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- Deres referanse i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID
- «Kundens ordrenummer» må stå tomt sidan fakturaen ikkje er basert på ein ordre. Dette for at den elektroniske flyten ikkje blir forseinka.

Saksnummer: **2018/13172-23**

Tilsettnummer: **14333**

Beløp: **kr 98 804**

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og tilsettnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Hordaland fylkeskommune ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*